
Fra: Anne Dahle Austrheim
Sendt: mandag 29. oktober 2018 08.30
Til: 'Manger Skulemusikklag'
Emne: Kinobiletter

Hei!

Me får mange spørsmål om sponsing, og prøver å gjera dette på ein rettferdig måte slik at ingen lag vert forfordelte.

Manger skulemusikklag vert sponsa med kopiering av program til Mangerfestivalen, og me ser då at me ikkje kan sponse med meir enn 2 kinobilettar. Dersom de får sponsorar til resten av billettane kan dei kjøpast på sørvistorget.

Ønskjer lykke til med konkurransen!

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
Leiar kultur- og sørvistorget, Radøy kommune
Tlf 56 34 90 11/ 97 77 46 30



RADØY
den grønne øya

Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.

Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.

Fra: Manger Skulemusikklag [<mailto:msml.leiar@gmail.com>]
Sendt: tirsdag 23. oktober 2018 22.51
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: Kinobiletter?

Hei, då er Manger skulemusikklag komme heim etter ei fantastisk øvingshelg I Nordheimsund. Me har overnatta på eit bedehus, og har hatt ei sosial og meget inspirerende helg med dyktige instruktører. Du finn bilder på facebookside vår, Manger skulemusikklag. Målet med turen var å komma i gang med øving til Mangerfestivalen. Me er definitivt på rett veg, men me er ikkje i mål endå. Dei eldste musikantane har på eige initiativ, laga til ein øvingskonkurranse, både for Hovedkorpset og Juniorkorpset. Dette er ein lagkonkurranse og dei ulike instrumentgruppene kjemper mot kvarandre. Mi oppgåva har vore å skaffa premier. Det gjer eg med glede, når eg ser at ungdommane motiverer kvarandre. Har Radøy kommune høve til å sponsa oss med kinobiletter til vinnargruppa? det blir max 8 stk i Hovedkorpset og max 6 stk i Juniorkorpset.

Mvh

Torill Myrtveit Fjeld

Leiar Manger skulemusikklag

M: +47 93041112

e: msml.leiar@gmail.com

www.msml.no